

ÅRIM på djupt vatn - handtering av konkurransen i RenoNorden



Avfallsforum Midt
Øystein Solevåg, ÅRIM
15. februar 2018

Historikken

- RenoNorden tok over innsamling av avfall 1. september 2013. Kontrakt med varigheit til 1. september 2019.
- Erfarne renovatører, stabil drift med lite klager.
- Planlagd utlysning av ny kontrakt våren 2018.



Store endringar planlagd hausten 2017

Innføring av ny kjeldesorteringsløsning



Nytt tilbud:

Henta kvar fjerde veke

Henta kvar fjerde veke

Nytt tilbud!
Henta kvar andre veke

Nytt tilbud!
Henta seks gongar i året

Henta kvar andre veke

Dagens tilbud:

Henta kvar fjerde veke

Henta kvar fjerde veke

Henta kvar veke



PAPP OG PAPIR

PLASTEMBALLASJE

MATAVFALL

GLAS- OG METALL

RESTAVFALL



Behandling i styret juni 2017

Dersom det oppstår ein situasjon der RenoNorden ikkje finn det mogleg å vidareføre renovasjonstenestene, vil ÅRIM innstille på å ta over innsamlinga av avfall for resten av avtaleperioden (ut august 2019).

Konkurs september 2017

- Armar og bein – eller mobilisering av ressursar.
- Vi endte opp med å ta over eksisterande bilpark, renovatørbase og renovatørar «as is».
- Det blei eit litt anna julebord enn vi hadde tenkt, vi var 23 tilsette, no er vi 57.
- Det vanlegaste fornamnet i ÅRIM er no Janis.
- Omorganisering gjennomført i januar 2018.
- Framleis tilpasningar som står att, t.d. lønssystem.
- Utrullinga har truleg gått betre i eigen regi.

Var det noko spesielt med ÅRIM?

- RenoNorden hadde ikkje avdelingsleiar.
- Tidlegare avdelingsleiar i Norsk Gjenvinning Renovasjon er driftssjef i ÅRIM.
- Ved å forlengje brukstida på renovasjonsbilane med to år kan det vere mogleg å lande på beina økonomisk.
- Mediedebatt om ny kjeldesorteringsløyising braka laus midt i overgangen.
- Dei to største eigarane våre er i ferd med å slå seg saman, framtida til selskapet har vore uavklart.

Nokre refleksjonar

Vi lever i disrupsjonens tidsalder.

- Ideelt sett skal vi sette oss gode mål, lage planar og jobbe systematisk for å nå desse. Då er det mogleg å drive svært effektivt og bra.
- Men så er det dette med disrupsjon:
 - Uforutsette ting skjer heile tida
 - Politiske skifte
 - Teknologiske skifte
 - Marknadsmessige skifte
 - Personlege skifte
- Vi må kunne handtere det vi ikkje ser kome.

Korleis leve med raske utforutsette endringar?

- Vi må kunne jobben vår. Altså ha kompetente medarbeidarar. Og ingen er utlært.
- Vi må vere undrande og nysgjerrige. Vi må vere interesserte i nye løysingar, ikkje fordi vi nødvendigvis sjølv skal innføre dei, men fordi vi bør kjenne til dei.
- Nettverk er kritisk. Vi må prioritere å delta i faglege nettverk, sjølv om vi har mykje å gjere i eigen jobb. Det gir oss tilgang til kunnskap i gode periodar. Og kan gi kritisk hjelp og støtte i dårlege periodar.

Takk til nettverket:

- Renovatørane som møtte på jobb og gjorde jobben sin uansett kor usikkert alt var.
- Avfallsselskapa i regionen vår som var klare til å ta bilar ut av produksjonen sin for å låne dei ut til ÅRIM dersom det blei krise.
- AvfallNorge som satte opp ei Facebook-gruppe der vi kunne utveksle informasjon. Og dei daglege leiarane som bidrog der.
- KS Bedrift som jobba natt og helg for å få på plass arbeidskontraktar for oss.



Ja, det nyttar